

5.000 selde bilettar til «Les Misérables»

Skriven av: [Grethe Kjøsnes](#)
Publisert: 24.05.2004 23:38

- Me har allereie sold 5.000 bilettar til årets nye ni framsyningar av «Les Misérables», seier Bjørn Håvard Bjørklund i Bømlo Musikal Laug. Laurdag hadde kor og ensemble si første øvingshelg.

Billettsalet til den nye «Les Misérables»-oppsetnaden i år lovar godt godt for Bømlo Musikal laug.

- Me har allereie sold ut billettane til tre av dei ni framsyningane våre. Hvis folk ynskjer bilettar, må dei ikkje venta for lenge. Billettane blir nok veldig tidleg utselde i forhold til i fjor. Eg har òg høyrte fleire som seier at dei ynskjer å sjå musikalen ein gong til. Det er jo kjekt! seier Bjørn Håvard Bjørklund frå Bømlo Musikal Laug. Han fortel at dei forestillingane som no er utselde er laurdag 7. august, fredag 13. og laurdag 14. august.

Sist laurdag og søndag hadde «Les Misérables» sine første øvingar for kor og ensemble på Svortland skule. Koransvarleg Elin Kristine Hestenes sat ved pianoet og rettleia koristane gjennom songane.

– Det er viktig at dei øver på korstoffet, men òg at folk får jobba tettare saman, slik at dei etterkvart utviklar eit musikalsk klangideal. Denne helga er det koristar og bi-roller som samlast. Ikkje alle kunne koma i dag, men me er omlag 30 personar, seier Bjørn Håvard Bjørklund frå Bømlo Musikal Laug.



GODT BILLETTSAL: Bjørn Håvard Bjørklund er godt nøgd med førehandsalet av bilettar til musikalen i år. Her står han med den nye plakaten til det som han håper skal bli årets musikal her i landet.